

Rettleiing for pålessing av storfe

HMS og dyrevelferd

Bakgrunn

Det blir under pålessing av storfe for transport regelmessig registrert hendingar der dyr eller personell blir skadd. Kjøttbransjen har eit ansvar for å handtere denne risikoen og denne rettleiaren er til hjelp for dyrebilsjåføren i vurdering av om pålessing er forsvarleg. Rettleiaren omtalar krav til fysiske innretningar, dyras åtferd og smittemessige sider av pålessing hjå leverandør.

Fysiske innretningar

- ✓ Det bør ved pålessing av alle kategoriar storfe vera ein drivgang av solide grindar som går frå der dyra er oppstalla og ut til dyrebilen. Leietamme dyr kan leiast i tau utan slik drivgang
- ✓ Drivgangen bør vera 2,0- 2,5 meter breid eller 0,8 m breid, slik at dyra enten kan gå fleire i breidda eller berre eitt og eitt
- ✓ Grindane skal vera minst 1,6m høge

Sosialisering og tilvenning til nye miljø

- ✓ Alle storfe skal vera vant til handtering av folk – helst frå dei er nyfødde kalvar
- ✓ Dyra bør vera så tamme at ein kan ta på dei – dei skal ikkje vera så sky at fluktsonen er større enn 1-2 meter
- ✓ Dyra skal ikkje stå i same miljø heile oppføringstida, men flyttast til nye bingar eller avdelingar fleire gonger i løpet av oppføringstida
- ✓ Dyr som går ute heile året skal vera vant til å stå fast i fanghekk
- ✓ Dyr som går ute heile året skal vera vant til å gå inn under tak
- ✓ Dyr som går ute heile året skal vera vant til å stå trøngt i bingje eller innhegning (<3m²/dyr)

Smittevern ved pålessing

- ✓ Norsk husdyrnæring har sett som mål å utrydde virussjukdommane BoCV og BRSV og det er derfor viktig at dyrebilen ikkje dreg smitte rundt på gardane
- ✓ Det skal vera ei grense mellom dyras område (rein sone) og dyrebilsjåførens område (urein sone). Denne grensa skal ikkje kryssast
- ✓ Det må sikrast at dyra ikkje spring tilbake til fjøset etter at dei har vore på dyrebilen
- ✓ Leverandøren skal ha ein plan for korleis ein førebyggjer smitte inn og ut av buskapen (smittevernplanen)
- ✓ Det blir liggande ei stripe strø etter dyrebilen, dette bør ein fjerne eller strø leska kalk på
- ✓ I besetning med Helsestorfe-status skal dyrebilsjåføren ikkje inn i fjøset (rein sone).
- ✓ I andre besetningar må sjåføren bruke gardens klede og støvlar dersom han må inn

Avbryting av pålessing

- ✓ Dersom det av ulike grunnar ikkje let seg gjera å få fyrste dyra til å gå inn på bilen i løpet av 45 minutt, så bør sjåføren vurdere å avbryte pålessinga.
- ✓ Dersom dyr reagerer med full panikk under pålessing slik at dyr eller personell står i stor fare for å bli skadd, så skal sjåføren avbryte pålessinga

Sjekkliste for dyrebilsjåføren

Område	Vurderingspunkt	Ja/Nei	Tiltak – handling
Klargjering	Brøyting god nok?		Avbryt pålessing viss stor risiko for å sette seg fast
	Strødd viss glatt?		Avbryt pålessing viss stor risiko for å sette seg fast
	Grindar/drivgang sett opp?		Avbryt pålessing dersom grindar ikkje finst og dyra ikkje er leietamme
	Dyr skilt ut frå dyr som ikkje skal leverast?		Avbryt pålessing viss dyra ikkje enkelt let seg skille ut
	Dyra vurdert transportdyktige?		Dyr som ikkje er transportdyktige skal ikkje på bilen
Dyras reaksjon på handtering	Går roleg ved ved press?		Ingen
	Blir svært skremt ved press; sklir, hoppar, angrip, brøler		Avbryt pålessing dersom stor risiko for skade på dyr eller personell
Informasjon frå leverandør	<ul style="list-style-type: none">• Dyr som ikkje er merka• Informasjon om dyras tilstand• Egenerklæring dersom dyr avvik frå det normale		Dersom det ved avlessing blir oppdaga mangelfull informasjon frå leverandør, skal slakteriet ha rutiner for å påpeike dette.